
Møtested: Mardal skule
Dato: 31. januar 2010
Disse møtte: 18 personar
Møtte ikke: Dei fleiste

Årsmøte 31. januar 2010-02-03

Det møtte 18! personar i tillegg til krinsstyret, totalt 24 personar.

Sak 1. Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkalling vart godkjent.

Sak 2. Godkjenning av årsmelding 2009

Vedtak: Årsmelding vart godkjent.

Sak 3. Godkjenning av rekneskap 2009

Vedtak: Rekneskapen vart godkjent.

Sak 4 (styreforslag). Endring av reglar for samansetting av krinsstyret

Etter ein del diskusjon på årsmøtet vart følgjande gjeldande:

Vedtak: Det er ønskeleg at krinsstyret skal bestå av to personar frå Mardal, to personar frå Fitje og to personar frå Søreide. Krinsstyret skal bestå av like mange kvinner som menn.

Sak 5 (innkome forslag). Krinsbasar, juleverkstad og pub skal ha egne komitear, og ikkje være arrangement underlagt krinsstyret.

Etter ein del diskusjon på årsmøtet vart følgjande gjeldande:

Vedtak: *Pub* er eit arrangement i regi av krinsstyret. Styret delegerer ved høve.

Basar er eit arrangementet i regi av krinsstyret. Styret kallar inn 2-3 personar til ekstra hjelp.

Juleverkstad er eit arrangementet i regi av krinsstyret. Styret prøver å gjere ein fast avtale med 4H om hjelp frå to senior medlemmar, og skaffar i tillegg sjølv 2-3 vaksne til arrangementet.

Sak 6 (innkome forslag). Kjøp inn fleire stolputer

Vedtak: Styret kjøper inn eit passeleg antall puter.

Sak 7 (styreforslag). Kontingent for medlemskap i Mardal krins vert uforandra

Vedtak: Kontingent vert uforandra i 2010: kr 300,- per husstand, og medlemskap gjev dei same fordelar som tidlegare år.

Sak 8. Val

På val: Ellinor Fagerli, Irene Nesje Roset og Jan Fossheim

Følgjande personar vart velde inn i krinsstyret for 2 år:

Bergfrid Mardal

Anne-Iren Elvebakk

Inge Fjerdingstad

Sak 9. Eventuelt

Innspel frå salen:

- Ein må sjå på husleigesatsane og vurdere ei oppsplitting der ein kan inngå leigekontrakt for kortare tidsrom, til dømes 2-3 timar.
- Ein kan gjere ei avtale med Gloppen Janitsjar om lån av årar til krinsbasar.
- Åshild Roset og Frode Fagerli orienterte om 100-årsjubileum for Gimmedstad kyrkjelyd.

Svein Ove Langeteig

- referent -